



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

## **Herøy kommune** **Kommuneplanen sin arealdel 2013 – 2025** **Fråsegn til offentlig ettersyn - motsegn**

Fylkesmannen viser til vedtak i Herøy kommunestyre den 24.10.2013, sak 133/13, om å leggje framlegg til kommuneplanen sin arealdel ut til offentlig ettersyn. Fylkesmannen har fått utsett frist til 24. januar 2014 for å gje fråsegn i saka. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **GENERELT**

Fylkesmannen ser positivt på at Herøy kommune har prioritert arbeidet med ein oppdatert og samla overordna plan for samfunnsutvikling og arealforvaltning i kommunen. Kommunen har lagt ned eit stort arbeid med rullering av kommuneplanen. Fylkesmannen vil gje særleg ros for risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) som er utarbeidd, og som gjev eit godt grunnlag for å sikre trygg arealbruk i kommunen. Vi vil også gje ros for at kommunen har involvert born og ungdom i planlegginga ved gjennomføringa av barnetrakkregistreringa.

Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er den tette koplinga mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen er det overordna plandokumentet som skal ligge til grunn for arealdelen. Til dømes vil demografiske tilhøve legge føringar for framtidig utbyggingsmønster. Samfunnsdelen for Herøy kommune vart nyleg vedtatt, og er såleis, saman med nasjonale og regionale føringar, eitt av dei viktigaste grunnlagsdokumenta for arbeidet med arealdelen.

Fylkesmannen opplever at kommunen har tatt på alvor nokre av dei sentrale forventningane Regjeringa har til den kommunale oversiktsplanlegginga. Vi vil først og fremst framheve born og unge sine interesser, der kommunen gjennom føresegnene fastset normer for leike- og uteopphaldsareal knytt til planlegging av nye bustadområde. Kommunen har også tatt omsyn til naturmangfald og friluftsliv, men syner elles liten vilje til å sikre strandsona som ein felles ressurs for innbyggerane og som grunnlag for naturmangfald og det nære friluftslivet. Det same gjeld omsynet til jordbrukets produksjonsareal. Dette kjem vi attande til nedanfor.

I kommuneplanen skal det vere ein arealrekneskap som avklarar arealbehov og arealreservar til mellom anna bustader og fritidsbygg, og det skal utarbeidast mål for utbyggingsmønsteret og utbyggingsvolumet. Dette er vesentleg informasjon som vil

kunne vere utslagsgjevande i vår vurdering av nye byggeområde opp mot nasjonale og viktige regionale interesser Fylkesmannen er sett til å ivareta.

Kommunen ynskjer å legge til rette for auka bustadbygging i alle delar av kommunen, og auke talet på innbyggjarar i Fosnavåg sentrum. Kommunen legg til grunn eit behov på om lag 45 nye bustader per år i planperioden. Etterspurnaden er størst på og kring Bergsøya. I følgje planomtalen legg planen til rette for om lag 1517 dekar nytt bustadareal i planperioden. Dette utgjer om lag 126 dekar per år i planperioden. I tillegg kjem eit tal på 171 frådellingar (14 per år) innafør LNF-område med spreidd bustadbygging, samt den arealreserven (tomtereserven) som alt er godkjent i reguleringsplanar som vert vidareført. Kommunen har ikkje utarbeidd eit oversyn over denne reserven, men ut i frå kommunen si kartinnsynsløysing er det klart at store delar av alt godkjende byggeområde ikkje er realiserte.

Det bør vere godt samsvar mellom etterspurnad etter og tilbod på utbyggingsområde. I framlegg til kommuneplan for Herøy er det lagt til rette for ei svært omfattande utbygging, utan særleg styring gjennom bruk av verkemidla ein har i plan- og bygningslova, så som rekkjefølgjekrav og grad av utnytting, jfr plan- og bygningslova § 11-9 nr 4. og 5..

Plan- og bygningslova skal etter § 1-1 «*fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner*». Oppgåver og omsyn som skal ivaretakast i planlegginga er gitt i § 3-1. **Fylkesmannen finn at omfanget av nye utbyggingsområde i framlegg til kommuneplan for Herøy ikkje godt nok ivaretar omsynet til berekraftig areal- og ressursutnytting slik lova krev, og vi reiser motsegn til planen.**

### **KONSEKVENSENTGREIINGA**

Fylkesmannen har nokre viktige innvendingar til konsekvensutgreiinga. Den viktigaste er at det manglar ei samla vurdering av verknadene av heile planen. I dette ligg det at ein skal drøfte samla konsekvensar for ulike deltema som miljøverninteresser, kulturminner, landbruk, landskap, transport og infrastruktur, befolkning, tenestebehov, samfunnstryggleik og så vidare.

Dokumentet må gjerast så enkelt og tilgjengeleg som mogleg i sin oppbygging slik at det blir lettfatteleg for alle målgrupper. Redigeringsmessig, må konsekvensutgreiinga utstyrast med sidetal og innhaldsliste.

Konsekvensutgreiinga med einskildområda er sett opp i ein standardtabell som dekkjer relevante tema. Det er for kvart delområde gjeve ei kortfatta, men god skildring av området og planlagt arealbruk. Vurderingane er noko sjablongmessige, og vektinga av dei ulike interessene kan til tider verke tilfeldige og kanskje ikkje godt nok utgreidd. Til dømes vert det i Frøystadvågen satt som «+» at ein legg opp til busetnad langs fylkesvegen og viser til prinsippet og bygging langs ferdselsårer. Tvert i mot, så er framlegget i strid med rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging.

Konsekvensutgreiinga argumenterer for utbygging ein rekkje stader med at etableringa skal vere eit sentrumsnært utviklingsområde til Fosnavåg og kommunen si langsiktige satsing på sentrumsnære bustadar, reiseliv og turisme. Denne argumentasjonen samsvarar

ikkje med nasjonale mål for areal og transportpolitikken (jfr. *Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging*), når områda ligg langt frå sentrum, både i reiseavstand og –tid. For fleire av områda konkluderer konsekvensutgreiinga med at konsekvensane for samfunn skal vege tyngst, utan å drøfte og grunngje arealbruken i høve nasjonale mål og forventingar i dei tilfella utbygginga går på kostnad av nasjonale interesser som strandsone og jordvern. Fylkesmannen si forståing av dette er at lokale samfunnsinteresser og kortsiktige behov er tillagt avgjerande vekt i desse tilfella.

### Landbruk

Konsekvensutgreiinga kunne med fordel vore meir utfyllande når det gjeld verknadane planen vil ha for landbruk. I dette inngår både verknadar for drift i dag og for jordressursar og driftsforhold i framtida. Planutkastet legg opp til mykje nedbygging av matproduserande areal, og konsekvensane av dette må gjerast betre greie for enn det som er gjort i dette utkastet. Slike konsekvensar er både kor mange dekar dyrka og dyrkbar jord, jordkvalitet, drift av arealet i dag, kva nedbygginga vil bety for fragmentering osv. Det ville dessutan gjort det enklare å sette seg inn i følgjene av planutkastet dersom det var opplyst om gards- og bruksnummer som var råka av nedbygginga.

### Strandsone

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle, der arealbruken i strandsona vert vurdert og planlagt i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Dei statlege planretningslinjene (SPR) for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen skal ligge til grunn for dette arbeidet. Dette inneberer at kommunen i kommuneplanen skal vurdere behovet for utvikling av eksisterande arealbruk, og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging. Kommunane skal også vurdere om tidlegare vedtatte, men ikkje utbygde område for utbygging i strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen. Dei skjerpa krava i plan- og bygningslova § 1-8 og dei statlege planretningslinjene skal leggst til grunn i vurderinga. Vi kan ikkje sjå at kommunen har gjort slike konkrete vurderingar opp mot SPR for strandsona til planframlegget som er på høyring.

### Naturmangfaldlova

Konsekvensutgreiinga manglar heilt vurderingar i samsvar med krava i naturmangfaldlova. Etter § 7 skal kommunen legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av konsekvensutgreiinga korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av enkeltområde som rører ved naturmangfald. No har kommunen stort sett styrt klar av slike verdiar for dei fleste utbyggingsområda, men for nokre område må slike vurderingar på plass.

### Støy

I følge T-1442/12 har kommunen ansvaret for å inkludere støysonekart i kommuneplanen på ein eigna måte, vi kan ikkje sjå at det er gjort her. Det er i konsekvensutgreiinga generelt ikkje gjort bruk av dei støysonekarta som Statens vegvesen har laga. Dette er informasjon som kommunen kan og skal nytta i si planlegging. Det er i konsekvensutgreiinga heller ikkje synleggjort kva som ligg bak dei konklusjonane som er trekt. Ved fråsegn til melding om oppstart og høyring av planprogram datert 25.08.2011 gjorde Fylkesmannen merksam på at for å førebygge støyproblem er det viktig at ein så tidleg som mogleg i planlegginga vurderer om tiltaket er eigna med omsyn til støy. Det blei vidare framheva at kartfesting av soner rundt viktige støykjelder er ein

viktig del av kommuneplanlegginga, og at det som eit minimum skal synleggjerast støysone rundt sterkt trafikkerte vegar. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort, t.d. ved bruk av omsynssoner.

Kommunen må gjennom føresegnene til planen sikre at tilgjengeleg støysonekart frå Statens vegvesen blir brukt aktivt i alt plan- og byggesaksarbeid i kommunen.

### Avlaup

Avlaup er eit område kor kommunen er gjeve mynde, og må vere klar på kva krav som skal stillast til innbyggerane. Inneberer utbyggingsområdet at avlaupet vert samla? Er det mogleg å utføre tømning, eller må det vere direkteutslepp? Forureiningsforskrifta set krav til kva som er reinsekrava for følsamt område, kommunen må i si sakshandsaming av enkeltsaker gjere ei vurdering av forureiningsfaren sett opp mot vassdirektivet. Viss eit utslepp kan føre til at vassførekomsten ikkje når målet som er sett, kan det ikkje gjevast løyve. Ein må vere merksam på, at når ein legg til rette for utbygging i område kor det er eksisterande anlegg, så vert kapasiteten til anlegget endra. Dette burde vore utgreidd betre, jfr. utgreiingstema «Teknisk infrastruktur» i konsekvensutgreiinga og samordna med kommunedelplana for avlaup som kommunen held på å utarbeide.

## **PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER**

### **Generelt**

Herøy kommune har lagt fram eit omfattande planmateriale. Planen inneheld mange gode moment, perspektiv og vurderingar, men har også klare manglar på nokre område. Fylkesmannen ber om orsaking for at vi ikkje har kapasitet til å kommentere alle sidene ved planen som vi ser positivt på. Vi må også prioritere bort merknader til område og element som vi kan vere kritiske til, men som er mindre viktige. Det vi står igjen med då, er i hovudsak område vi har motsegn til, eller der vi har ei klar oppfatning av at planen må endrast.

### **Kartframstilling**

Den karttekniske framstillinga av plankartet er god. Vi har likevel nokre kommentarar knytt til bruken av omsynssoner. Det er ikkje naudsynt å leggje inn omsynssoner for alle interesser som kan vere av betydning for bruken av eit område. Bruken av omsynssoner bør avgrensast til interesser som er av vesentlig betydning for arealbruken. Ved utstrakt bruk av omsynssoner er det fare for at plankartet vert uoversiktleg. Omsynssoner som overlappar med andre omsynssoner kan visast i eigne kartutsnitt – «tematiske kartutsnitt». Dette er like juridisk bindade som omsynssoner i det ordinære plankaret, når det vert lagt ut til offentleg ettersyn saman med resten av planen. Fylkesmannen meiner at det burde vore tatt inn omsynssoner for fleire tema i planen, slik det går fram av dei faglege merknadene.

Fleire av omsynssonene har same skravúr. Teiknforklaringa til plankartet må angje SOSI-kode for dei omsynssonene som er nytta, slik at det kan lesast direkte ut av kartet kva for omsyn som gjeld for eit gitt område. Denne tilvisinga manglar også i føresegnene, og må difor også takast inn her.

### **Natur- og miljøvern**

Fleire av utbyggingsområda som er foreslått i planen utfordrar nasjonale mål for areal- og

miljøpolitikken. *St.meld. nr. 26 (2006/2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* legg viktige arealpolitiske føringar som er relevante for lokalisering av nye byggeområde. Mellom anna:

- *Miljøkvaliteter i landskapet skal bevares og styrkes gjennom økt kunnskap om verdier og bevisst planlegging og arealpolitikk.*
- *Fritidsbebyggelse skal lokaliseres og utformes med vekt på landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk.*
- *Strandsonen skal bevares som et natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle.*

Motsegner:

### Nerlandsøya

*FB1 (fritidsbustader) og AN8 (naust) på Koparstad:*

Området kan vere utsett for forstyrrende støy frå aktivitet på go-cartbana rett ved. Strandsona består av svaberg og stor stein, og det er relativt stor skilnad på flo og fjøre. Det vil krevjast store terrenginngrep for å realisere nausta. Det er i planframlegget lagt ut areal for fritidsbustad andre stader på Nerlandsøya, og behovet for ytterlegare areal i strandsona til fritidsbustader må vurderast nøye. Fylkesmannen har ut i frå strandsoneinteressene **motsegn** til at det vert opna for naust og fritidsbustader her.

*FT1 (fritid og turisme) Koparstad:*

Området opnar for etablering av hytter og rorbuer på ei om lag 0,5 km naturleg strandlinje i eit slakt, ope jordbrukslandskap. Området ligg like nedom Nerlandsøy skule. På nettsidene til skulen vert nærleiken til sjøen trekt fram. Vi kjenner ikkje til skulens bruk av den nære strandsona, men vil vise til at området pga nærleiken til naturområdet, har verdi som ekskursjonsområde i undervisningssamanheng. Samla sett opnar kommuneplanen for ei omfattande nedbygging av strandsona på Koparstad, utan at ein ser nærare på moglegheitene for samlokalisering for å avgrense inngrepa. Særleg er rorbuer, som er rekna som fritidsbustad, arealkrevjande og privatiserande i strandsona. FT1 grensar inntil naustområde og bygd hamn i vest. Fylkesmannen vil kunne akseptere samlokalisering med dette området til fritids-/turismeformål. Vi har difor **motsegn** til FT1.

*FH1 (hytter) og FR1 (rorbuer) Kvalsund:*

Desse to områda legg til saman beslag på nær 700 meter strandlinje nord for fiskerihamna i Kvalsund til Teigeneset. Hytter og rorbuer inneberer ei total privatisering av området som ligg nedanom busetnaden i Kvalsund. Arealet er lett tilgjengeleg, og i stor grad intakt naturleg strandlinje, med unntak av nokre naust og brygger. Arealbruksen som er forelått vil endre både strandsonenaturen, moglegheitene for ålmenn ferdsel og landkspasbiletet. Fylkesmanne finn difor at FH1 og FR1 er i strid med nasjonal strandsonepolitikk, og reiser **motsegn**.

### Runde

*FB5, FT4 og SB32 Langeneset:*

Langeneset er vurdert til nasjonalt viktig friluftsområde. Fint, lett tilgjengeleg turområde langs stranda, med fiskeplassar langs berga. Markant, snautt nes med myrlendt gras- og lyngmark ut mot havet med svaberg og knausar mot sjøen. Artskart syner funn av den trua

arten purpurlyng *Erica cinerea* (nær trua (NT) på Norsk Rødliste for arter 2010). Området er eit viktig hekke- og beiteområde for ei rekkje fugleartar. Delar av området inngår i det nasjonalt prioriterte heilheitlege kulturlandskapsområdet for Runde – Nerlandsøy. På den søraustlegaste delen av Langeneset er det allereie ein godkjent hytteplan frå 1992. Ingen hytter er bygd. Fylkesmannen ser at det vil kunne knyte seg behov for areal til vidare utvikling av området rundt den tidlegare leikskulen på Christineborg. Planframlegget legg opp til ei potensiell nedbygging av heile Langeneset. Ut i frå konflikten med landskap, naturmangfald, friluftslivsinteressene og nasjonale mål for strandsoneforvaltninga, finn Fylkesmannen å måtte reise **motsegn** til FB5, FT4 og SB32.

### Leinøya

#### *FB9 (fritidsbustad) Leine:*

Dette er eit avgrensa område mellom fylkesvegen og sjøen. Terrenget hellar fint ned mot sjøen, der det ligg ei utfylt steinbrygge og fine berg. Området ligg i kort avstand til byggefeltet på Leine, og er såleis lett tilgjengeleg for bruk til fiske og anna opphald ved sjøen i dag. Det er ikkje anna tilgjengeleg strandsone med friluftskvalitetar nedom busetnaden på Leine. Det er difor negativt dersom det einaste tilgjengelege området for busetnaden vert privatisert. Vi vil vise til at det er avsett større areal til fritidsbustader i nærleiken innafor FB8 og FB7. Fylkesmannen reiser **motsegn** til arealbruken pga negative konsekvensar for ålmenn bruk av strandsona. Området bør sikrast som grønstruktur (pbl § 11-7 nr 3).

#### *FB22 (fritidshus) på Gjertneset:*

Fylkesmannen hadde motsegn til at dette området skulle nyttast til utbygging ved førre rullering av arealdelen på grunn av negative miljøverknader knytt til Straumane som friluftsområde og dei naturfaglege verdiane som fins her. Det er store utbyggingar på begge sider av sundet, og ei bygging på Gjertneset medfører tap av grønstruktur. Grønstrukturen er viktig både for landskapsbiletet og opplevingskvalitetane knytt til friluftsliv, jfr. den europeiske landskapskonvensjonen. Gjertneset er vidare eit område som vil vere attraktivt og må takast vare på som nærturmål og leikeområde for innbygarane i bustadfeltet i vest. **Motsegn.**

#### *B16 (bustad) Nærøya sør:*

Stort areal som vi er samde med kommunen kan nyttast til bustadføre mål, med kort veg til Einedalen skule. Vi har derimot **motsegn** til avgrensinga av området, som strekkjer seg heilt ned til sjøen. Straumane er eit lokalt viktig friluftsområde i sjø, og i denne samanhengen vil strandsona på Nærøy sør vere attraktiv for til dømes landing med kajakk. Området i skogen ved sjøen vert i dag nytta som turmål. Byggegrensa mot sjø må difor trekkast lengre unna sjøen, i utgangspunktet minst 50 meter, der ein mindre avstand lengst nord i området kan akseptast, medan avstanden må vere større (100 meter) sentralt på halvøya for å sikre tilstrekkeleg avstand mellom ny busetnad og området som nærfriluftsområde. Arealet ved sjøen bør visast som grønstruktur (friområde) (pbl § 11-7 nr. 3). Målet må vere at ein sikrar kvalitet og attraktivitet slik at området kan nyttast til opphald.

#### *B16 (bustad) Nærøy nord:*

Fylkesmannen har motsegn til avgrensinga av bustadområdet i framlegg til detaljregulering på Nærøya. Denne konflikten er ikkje løyst, og Fylkesmannen har

**motsegn** til den delen av B16 på Nærøy nord som er omfatta av reguleringsplanframlegget.

### Remøya

*SB26 (spreidd busetnad for bustad, fritid, eller næring):*

Arealet er avsett til blanda utbyggingsformål. Området er relativt stort (44 dekar) med busetnad øvst langs bilvegen, og dyrkamark mot sjøen. Ut i frå strandsoneinteressene, herunder landskap- og friluftslivssomsyn, meiner Fylkesmannen at arealet på gnr12 bnr9 må takast ut, og avstanden mot sjø på gnr12 bnr29 og 30 aukast til 70 meter frå strandlinja langs Køyla. Arealbruken er i strid med nasjonale føringar for strandsona, jfr. plan- og bygningslova § 1-8, og Fylkesmannen reiser **motsegn** til SB26.

### Bergsøya

*S1 (utviding av sentrum):*

Avgrensinga opnar for ei potensiell utfylling i sjø innafor heile området ned til 10 meter djupne. Avsett areal til S1 er svært stort, og sjølv ei mindre avgrensing vil bidra til å sikre tilstrekkeleg areal for ei vidare utvikling av Fosnavåg sentrum. Fylkesmannen stiller seg positive til ei slik satsing, men kommunen må vere viljug til å leggje til rette med høg utnyttingsgrad, jfr. målet i samfunnsdelen om ein nærare dobling av talet på innbyggjarar i Fosnavåg, og samstundes redusere utbyggingspotensialet og omfanget av byggeområde andre stader i kommunen.

Dei vestlegaste delane er av verdi både for landskapsbiletet, nærfriluftslivet og som leve- og hekkeområde for ei rekkje fugleartar. Arealet S1 må reduserast slik at ein ivaretar verdiane her. Avgrensinga må trekkast aust for skjera og sikre at strandsona på gnr35 bnr1 og 37 blir bevart. Fylkesmannen har ut i frå omsynet til strandsoneinteressene **motsegn** til avgrensinga av S1.

*B53 (bustad) Bergsøya:*

Bergsøya er relativt sett folketett og kommunen ynskjer å auke bustaden her. Samstundes er presset på strandsona i denne delen av kommunen svært stor, og attverande areal langs sjøen må vurderast nøye før ein opnar for ytterlegare busetnad sjønært. Statlege planretningslinjer for strandsona skal leggst til grunn i vurderinga.

Fylkesmannen rår til at ein sikrar den overordna grøenstrukturen, både av omsyn til landskap og som ferdselskorridor. Her er potensielle for eit større sjøtilknytt friområde som vil auke buattraktiviteten til bustadfeltet. Det er såleis positivt at kommunen har lagt inn ein kyststi langs nordsida av Straumane i plankartet. For å sikre bruk av ein framtidig kyststi, må ny busetnad etablerast i god avstand til sjøen. Planforslaget er etter vår vurdering strid med SPR for strandsona. Fylkesmannen reiser **motsegn** til at gnr 29 bnr 89, 88 og 338 vert avsett til bustadformål.

*B69 (bustad) ved Toftestøa:*

Området består av svært kupert og bratt terreng mellom etablert busetnad og sjøen. Ny busetnad her vil vere eksponert mot sjøen, og vere konfliktylt i høve landskapsinteressene i strandsona og bruken av området til uteaktivitetar i nærmiljøet. Fylkesmannen reiser **motsegn** til den vestlegaste delen av B69, som inneberer bygging i svært bratt og kupert terreng, eksponert mot sjø og seglingsleia.

*AN2 (naust) Bergsøya:*

Området ligg i Straumane som er er høgproduktivt og med undervassenger med ålegras og eit viktig viltområde for vasslevande fuglearter. Holmen er del av eit viktig båtutfartsområde. Ivaretaking av landskapskvalitetane er viktig for friluftslivsopplevinga, og det er vesentleg å bevare delar av holmen som del av både den blå og grønne strukturen i landskapet og skjerming mot hovudvegen. Vidare er området registrert som badeplass i kommunen si barnetrakkregistrering, jf. konsekvensutgreinga. Konflikt ved førre rullering av kommuneplanen som resulterte i ei skisse over framtidig tilrettelegging av holmen. Ut i frå dei store ålmenne interessene knytt til strandsona og naturmangfaldet reiser Fylkesmannen **motsegn** til AN2.

Gurskøya*B49 (bustad) Storeneset:*

Synfaringa synte at området tydeleg er nytta av oter. Oteren er oppført som sårbar (VU) på Norsk rødliste for arter 2010. Forslaget opnar for bustadbygging på eit markert høgdedrag og eit bratt berg mot sjøen på sørsida av Storeneset. Landskapsmessig vil busetnad innafor hundremetersbeltet bli svært eksponert. Fylkesmannen reiser **motsegn** til bygging innafor hundremetersbeltet på gnr56 bnr80 og gnr55 bnr2. Fylkesmannen reiser også **motsegn** til at planen opnar for busetnad heilt ned mot sjøen på nordsida av Storeneset. Ny busetnad må her avgrensast til det næraste arealet langsmed vege.

*AN20 (naust) Tjørnvåg:*

Det er svært uheldig at heile strandsona frå Tjørnvågosen til Kremarvika vert lagt ut til byggeformål. Frå tidlegare dispensasjonssaker i området går det fram at det er behov for bølgevern framom nausta. Fylkesmannen meiner kommunen i staden for å leggje ut meir naustareal langs sjøen, bør vurdere areal for ei felles småbåthamn for båteigarane i Tjørnvåg, for å samle inngrepa i strandsona. Vi ber kommunen vurdere å redusere tidlegare godkjent naustareal, som ikkje er bygd på, og elles ta ut arealet lengst nord innafor AN20 som ut i frå [www.gislink.no](http://www.gislink.no), er det mest attraktive arealet ved sjøen (lokal badeplass) for ålmenta. Denne badeplassen ligg like nedom bustadfeltet i Tjørnvåg. Ut i frå strandsoneinteressene, reiser vi difor **motsegn** til at den nordlegaste delen av AN12 vert avsett til naustformål.

*AN12 (naust) Moltustranda:*

Dagens molo utgjør ei naturleg avslutning på utbyggingsområdet vestover. Området vest for moloen er eit fint naturområde bestående av skjer og fin sandbotn, og med utsikt mot storhavet. Heile dette området er eit viktig viltområde for hekkande og næringssøkande sjøfugl. Området må takast vare på i si naturlege form, også som eit miljøskapande element for det føreslege hytteområdet FB14. Fylkesmannen har **motsegn** til avgrensinga av AN12, som opnar for utfylling i sjø vest for moloen, inntil formålsgrensa er flytta austover langsmed dagens molo.

*FB14 (fritidsbustad) Moltustranda:*

Heile FB14 er utsett for vegtrafikkstøy (gul sone). Gul sone er ei vurderingssone der kommunen bør utøve varsemnd med å gje løyve til etablering av nye fritidsbustader, jfr. støyretningslinja T-1442/12. Aust i området er det ei bukt med fin sand som er eigna for bading. Området bør bevarast for bruk av både hyttefolket og andre som ynskjer å nytte stranda til bading. Avgrensinga av område FB14 bør difor trekkjast minimum 55 meter



vestover, for å unngå at ei einiskild hyttetomt legg beslag på det næraste arealet rundt stranda, og i praksis privatiserer sanden. **Motsegn.**

*N3 og N4 (næring) Myrvågen:*

Delar av området inngår i eit område som er kartlagt i nasjonal registrering av prioriterte kulturlandskapsområde; fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid. Skjergarden med vikar og bukter, holmar, små øyar og skjær er viktig område for det sjøbaserte friluftslivet og er eit viktig viltområde.

Djupvikvatnet er eit viktig leveområde for ei rekkje fuglearter som tjuvjo, fiskemåse (NT), ender og grågås. Området er eit lokalt svært viktig friluftslivsområde, både til utfart, fritidsfiske og bading. Her er tilrettelagt med turveg langs vatnet. Det er viktig at området også i framtida beheld den skjerminga mot vegtrafikkstøy frå fylkesvegen terrenget med restar av kystfuruskog, gir i dag. Terrenget dannar eit naturleg avgrensa landskapsrom som også visuelt skjermar området mot næringsområda og vegen.

Både Djupvikvatnet og områda kring Makrellvågen må skjermast både visuelt og mot vegtrafikkstøy frå fylkesvegen. Fylkesmannen er kritisk til omfanget av dei nye næringsområda, som vil kome i direkte konflikt med friluftslivsinteressene og viltverdiane. Fylkesmannen reiser difor **motsegn** til avgrensinga av N3 og N4.

*AN-D1 (deponi) Myrvåg:*

Deponiområdet ligg innafor det nasjonalt prioriterte kystkulturlandskapsområdet fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid. Skjergarden her med vikar og bukter, holmar, små øyar og skjær er viktig område for det sjøbaserte friluftslivet. Makrellvågen er viktig viltområde, både for oter som er raudlista (VU). Lokaliteten er fast beiteplass for gråhegre og stökkand som hekkar i nærleiken, likeeins beitar ærfugl. Meir uregelmessig beiting av grågås, tjeld og raudstilk. Av og til beitar songsvaner i vinterhalvåret. Sjøbotnen i Makrellvågen består av den sjeldsynte naturtypen undervassenger med ålegras. Utfyllinga er ikkje vurdert i høve forvaltningsmåla for artar, økosystem og naturtypar i naturmangfaldlova. Fylkesmannen reiser **motsegn** til avgrensinga av området som medfører utfylling i sjø og er negativt for friluftsliv, landskap og biologisk mangfald.

*FB18 (hytter) Grøneneset/Haukenes:*

Kupert, smalt, arealmessig lite nes med to naust (flyfoto) og enkel vegtilkomst. Neset ligg i kort avstand frå busetnaden og er samstundes skjerna frå bilvegen. Neset er i dag tilgjengeleg for fri ferdsel og opphald. Dei terreng- og arronderingsmessige forholda på staden tilseier at etablering hytter på neset medfører ein total privatisering av området. I nærleiken (Kobbeneset og Budaneset) er det sett av og regulert større hytteområde som bør byggast ut før ein eventuelt vurderar hytter på her. Ein slik arealbruk vil vere i strid med nasjonal politikk for strandsona. **Motsegn.**

*FB19 og FB20 (hytter) Nykreimsholmen:*

Ei lita øy/holme like ved sentrum av Leikong. Det er ingen bebyggelse på øya i dag. Øya er del av eit regionalt viktig friluftslivsområde til sjøs, og har verdi som turmål. Dette går også fram av barnetrakkregistringa, som syner at området vert nytta til bading. Holmen er registrert som eit viktig viltområde for sjøfugl. Fylkesmannen finn at arealbruken er i strid med nasjonal politikk for strandsona, og har **motsegn** til at det vert lagt til rette for hytter her, som vil medføre privatisering av holmen.

Faglege råd:

### Nerlandsøya

#### *IDR1 (go-cartbane) på Koparstad:*

Arealet mellom dagens go-cartbane og sjøen er i naturbase registrert som kystlynghei av nasjonal verdi. Synfaringa viser at det foreslåtte området for go-cartbana kun vil innebere marginale inngrep i kystlyngheia. Vi ser det vidare som lite aktuelt at utvidinga av go-cartbana vil skje heilt ned i fjøresona. Fylkesmannen rår til at ein endrar avgrensinga og reduserar avstanden til sjø slik at ein unngår inngrep i berga langs fjøra.

### Runde

#### *SB11 og SB24 Goksøyra 2 :*

To LNF-område der det vert opna for bygging av bustader. Kulturlandskapet her er av nasjonal landskapsverdi, og det bør nyttast omsynssone for bevaring av kulturlandskap. Retningslinjene i planen sin § 6 må vere meir utfyllande med omsyn til utforming og estetisk tilpassing til omgjevnadene for nye byggetiltak.

#### *SB25 Runde:*

Område avsett til LNF med opning for inntil 10 nye frådelingar til frittliggande bustader i planperioden. Avgrensinga er på 173 dekar kring eksisterande busetnad og dyrkamark. Det vert i konsekvensutgreiinga under «strategi for framtidig arealbruk» argumentert med dette vil bidra til fortetting av området. Fylkesmannen meiner derimot at manglande styring av frådelingane i føresegnene medfører spreidd utbygging innafor eit stort område, som er negativt for kulturlandskapsinteressene. Sjå elles den landbruksfaglege merknaden.

### Skorpa

#### *SB1 Skorpa:*

LNF frittliggande fritidsbustader som er ei vidareføring av kommuneplanen. Ikkje endring i tal på tillate frådelingar (3 nye i planperioden). Viktig område for sjøfugl. På denne delen av Skorpa er det registrert truga og sjeldsynte artar, mellom anna purpurlyng, og ein svært viktig forekomst av kystlynghei, som er ein trua naturtype. Vi er nøgd med at det er fastsett føresegner som skal ivareta naturmangfaldet i denne type saker. Utfordringa for dette området er at alt areal ligg innafor verdifulle område for biologisk mangfald. Kommunen bør difor vurdere å ta ut området eller ta inn krav om nærare undersøking i samband med val av lokalisering.

### Leinøya

#### *AN (naust) i Sandevika:*

Naustområdet er utvida i høve avgrensinga i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Utvidinga er ikkje konsekvensutgreidd slik lova stiller krav om. Alt godkjent areal til naustformål er ikkje utnytta, og foreslått arealbruk synest å legge til rette for ein overkapasitet for naust på Sande. Vi rår frå at området vert utvida.

*AN (naust) i Børvågen:*

Dette er ei vidareføring av arealformålet i gjeldande plan. Eit grunt område, der realisering av planen vil medføre omfattande mudring. Denne typen grunne område er av særleg verdi for sjøfugl og våtmarksfugl. Fylkesmannen meiner kommunen bør gjere ein ny vurdering av om arealet er eigna til naustbygging, eventuelt om arealet bør avgrensast.

*B50 (bustad) Mjølstadnes:*

Bustadområdet ligg høgt i terrenget vendt mot Mjølstadneset industri- og næringsområde, og vil vere utsett for støy herifrå. Dette er ikkje konsekvensutgreidd. Vi ber kommunen om å vurdere tilhøvet til støy nærare. Dersom området ligg innafør gul eller raud sone, må kommunen utøve varsemd med å gje løyve til etablering av bustader, jfr. støyretningslinja T-1442/12.

Remøya*AN25 (naust) og naustområde:*

AN25 er ei utviding av eit naustområde i gjeldande plan, som berre delvis er bygd på. Langgrunn fjøre som har resultert i lange moloar med bygningar ytterst (pir). Fylkesmannen stiller spørsmålsteikn ved om arealet i det heile er eigna til formålet. Vi ber kommunen sjå nærare på det reelle behovet for naustareal og på mogelegheitene for ei betre arealutnytting innafør delvis bygde naustområde.

Gurskøya*FB16 (fritidsbustad) Tjørnvåg:*

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til at området vert nytta til fritidsbustader. Med tanke på at heile området ligg innafør hundremetersbeltet langs sjøen, må avstanden til sjø reduserast. Vi rår til ei minimum byggegrense mot sjø på 30 meter, og der sjølve bukta vert sikra for ålmenn ferdsel og opphald som grønstruktur (pbl § 11-7 nr.3). Vi viser i denne samanhengen til konsekvensutgreinga der det går fram at området vert nytta til bading og at denne bruken må sikrast gjennom reguleringsplan for området.

*B30 (bustader) Moltustranda:*

Området ligg meir enn 1,5 kilometer frå skulen og er utan gang- og sykkelveg. Etter Fylkesmannen si meining er det uheldig å spreie bustadbygginga på Moltustranda slik B30 vil gjere. Kommunen bør satse meir på å styrke og auke attraktiviteten til Moltustranda gjennom å samle busetnaden her. Fylkesmannen rår frå at ein legg til rette for nytt bustadfelt langsmed sjøen nedanom idrettsplassen.

*SB28 (hytter) Måløya:*

Fylkesmannen ser på framlegget som ei fortetting og formalisering av dagens bruk. Vi saknar imidlertid ei nærare vurdering av behovet for, kvar og korleis det skal leggst til rette for felles brygge/hamn. Dette er ikkje utgreidd.

Naturmangfald

Øyane ytst i kommunen er prega av eldgamle kystlyngheier og enkelte naturbeitemarkar. Landskapet er framleis delvis trelaust, men mykje av arealet er i ein attgroingsfase, og mykje er også tilplanta med sitkagran. Det som er igjen er derfor viktig å ta vare på. Vi saknar ein nærare gjennomgang og verdsetting av dei viktigaste natur- og kulturlandskapa

i kommunen. Avgrensing av desse landskapsromma er eit viktig verkemiddel i arealforvaltinga, og bør synleggjerast ved bruk av omsynssoner.

På Runde er det tre fuglefredingsområde; Runde vestsida, Runde nordsida og Hellestien – Blåfjellet – Kløfjellet – Geita, og eitt myrreservat; Goksøymyrane naturreservat. Heile Runde er omfatta av område med dyrelivsfreding. Dyrelivsfredinga treng ikkje visast som bandleggingssone (720). Kartet vert uryddig og gjer det vanskeleg å sjå kva som er fuglefredingsområde og naturreservat som er eit strengare vern enn dyrelivsfreding. Vi viser til merknaden knytt til kartframstilling over.

Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune frå 2010 viser at det er 11 område i kommunen som er svært viktige (A-lokalitet) for det biologiske mangfaldet. Desse områda er prioriterte med tanke på å nå regjeringa og Stortinget sitt mål om å stogge tap av biologisk mangfald innan 2020. Nokre av desse områda ligg innafør område verna etter naturvernlova (naturmangfaldlova). Dei resterande områda er av så stor naturfagleg verdi, at kommunen bør synleggjere desse i planen ved bruk av omsynssone naturmiljø (560) og knytte retningslinjer/føresegner til desse. Fylkesmannen vil først og fremst peike på følgjande område:

- ✓ Mulevika på Nerlandsøya: den viktigaste av naturbeitemarkene i fylket. Naturbeitemarker er vurdert som sårbare på Norsk rødliste for naturtyper 2011
- ✓ Kalddalsbukta: nordvendte kystberg og blokkmark, ein naturtype med eit stor artsrikdom og sjeldne og raudlista lav og plantar.
- ✓ Skorpa: kystlynghei Norsk rødliste for naturtyper 2011
- ✓ Goksøybeita: naturbeitemark (sårbar (VU) på Norsk rødliste for naturtyper 2011).

Det er registrert tre lokalitetar av naturtypen *strandeng* i kommunen. Dette gjeld områda Nørdre Vaulen, Søre Vaulen og Goksøyvika. Strandeng er ein nær trua naturtype (NT) (Norsk rødliste for naturtyper 2011), og vi rår til at ein også for desse områda nyttar omsynssone naturmiljø (560).

#### Byggeforbod langs viktige vassdrag

§ 1-8, siste ledd i plan- og bygningslova set krav om at for område langs vassdrag som er viktige for natur-, kulturmiljø- og friluftinteressar, skal kommuneplanen sin arealdel sette av ei sone på inntil 100 meter der bestemte tiltak ikkje skal vere tillatne. Vi kan ikkje finne at kommunen har gjort ei vurdering av om det er vassdrag/vassførekomstar i kommunen som bør få eit særleg vern.

Fylkesmannen har for sin del ikkje kjennskap til konkrete vassførekomstar i kommunen som fell inn under § 1-8, siste ledd. Eit unntak kunne vere Tuftevatnet som har bra kvalitet og bør sikrast mot negativ påverknad og inngrep, jfr. rapporten *Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune 2010*. Vi vil be kommunen ta inn i planomtalen ei enkel vurdering av om det finst vassdrag eller vassførekomstar i kommunen som har behov for særskilt vern etter § 1-8.

## **Landbruk**

### Generelt

Planen legg opp til etter måten mykje nedbygging av matproduserande arealressursar. Vi minner om Meld. St. (2011-2012) frå Landbruks- og matdepartementet som understreker at

det å ivareta produksjonspotensialet er avgjerande for å sikre matproduksjon for framtida. Noreg har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. Med dei begrensa areala Noreg har for matproduksjon er det viktig med et sterkt jordvern. Vern om dyrkajorda skal difor vere ein viktig premiss i kommunane si arealplanlegging, og dette gjeld også Herøy kommune. Dette inneber at når det både er potensiale for fortetting innanfor areal som frå før er lagt ut for utbygging og det finst alternativ byggjegrund der arealet ikkje er egna for matproduksjon, skal det visast stor varsemd med høve til bruk av dyrka jord til utbygging. Vi kan ikkje sjå at dette har vore ei haldning som har prega det arbeidet som ligg føre til offentleg ettersyn no, og meiner dette er ei vesentleg svakheit ved planutkastet. Det er positivt at omsynssone landbruk er markert i planen, for at areal innanfor denne sona skal ha eit ekstra sterkt vern mot nedbygging. Det er likevel nødvendig å minne om at dette ikkje skal bety at område som ikkje er innanfor sona ikkje har verdi som jordbruksareal.

#### Merknader til dei enkelte områda (sortert som i konsekvensutgreiinga)

##### *B52 (Bergsøya):*

Området ligg rett nord for eit større område som allereie er utlagt til bustadbygging. Etter det som går fram av ortofoto, er det eit stort fortettingspotensial i utbyggingsområdet sørafor, så den delen av området som utgjer innmarksbeite bør ikkje leggast ut til bustader.

##### *B53 (Bergsøya):*

Store deler av dette området er fulldyrka- og overflatedyrka jord med nokre innmarksbeiter. Området ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk. Ut frå at det er mykje ledig areal i allereie utlagte områder i nærleiken, kan vi ikkje sjå at det er dokumentert behov for nytt areal for bustadbygging her. Det må heller fortettast i allereie utlagte områder. **Vi fremjer motsegn mot B53.**

##### *B21 og SB27 (Espeset):*

Store deler av området B21 utgjer fulldyrka jord og overflatedyrka jord. Etter det vi kan sjå, finst det tomtegrunn i nærleiken som ikkje legg beslag på matproduserande jordressursar. Det representerer ikkje god forvaltning av arealressursane å bygge ned dette arealet. Vi meiner også at SB27 representerer eit uheldig plangrep. Områder innanfor LNF-område der spreidd utbygging vert tillate, har etter måten låg arealutnytting. Dersom ein ønskjer ny busetnad innanfor same grenda, kan ein ikkje «sløse med» godt utbyggingsareal éin plass og like inntil bygge ned gode matproduserande ressursar. SB27 ligg heilt inntil eit område der det gjennom B21 vil gå med mykje dyrka jord som byggjegrund. **Vi fremjer difor motsegn mot B21 og SB27.**

##### *SB24 (Runde):*

Det ligg allereie eit større område for spreidd utbygging like nordafor, der det etter det vi kan sjå framleis er plass til fleire bustader. Vi stiller difor spørsmål ved behovet for SB24.

##### *SB25 (Runde):*

Dette området er etter det vi kan sjå ikkje konsekvensutgreidd. Området er stort, og utgjer mykje gode jordressursar for matproduksjon. Vi rår til at området reduserast. Vi legg også til grunn at nye føresegner vil sikre at bustadbygging her ikkje går utover landbruksinteressene.

##### *SB30 (Kleppane):*

Området har innmarksbeite, overflatedyrka jord og dyrkbar jord. Området ligg like ved eit større område som er tidligare lagt ut til busetjing og spreidd busetjing., men som ser ut til å ha mykje ledig areal. Vi kan difor ikkje sjå at det på noko måte er behov for å utvide areal for busetjing her, og ser ikkje at dette er eit godt plangrep som er egna til å ivareta jordressursane på beste måte. **Vi fremjer motsegn mot SB30.**

*B1 og FB2 (Kvalsund):*

Området ligg rett aust for allereie regulert område, der det ifølgje ortofoto ikkje er fullt utbygd. Området har om lag 14 dekar fulldyrka jord og beitemark, og ligg innanfor det som er vurdert som kjerneområde for landbruk og i planen er kartlagt som omsynssone landbruk. Vi kan ikkje sjå at det er god arealforvaltning å nytte dette samanhengande jordbruksarealet til utbygging. Det ligg eit større område nord for vegen som er sett av til spreidd utbygging. Det er sløsing med jordressursar å legge opp til spreidd utbygging innanfor eit så stort område, og samstundes legge ut eit område for tett busetjing på gode arealressursar like ved. Når det gjeld FB2, er det heller ikkje god arealforvaltning å legge fritidsbustader på matproduserande areal. **Vi fremjer motsegn mot B1 og FB2.**

*B2 (Kvalsund):*

Dette er eit område på heile 84 dekar, som er tenkt brukt til bustader. Den ubebygde delen utgjer 31 dekar. Med normal tomtstorleik vil det gi rom for ei temmeleg stor utbygging på Nerlandsøya. Området er noko fragmentert av tidligare utbygging, men framleis er det store og brukbart arronderte areal att som er egna for matproduksjon. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at det er naudsynt å bruke så verdfulle arealressursar til byggjegrund, i alle fall ikkje i denne planperioden. Det er allereie mykje ledig areal til bustadbygging på tidligare utlagte område på Nerlandsøya, og difor ikkje behov for dette som utbyggingsområde. Vi viser også til B3, som vil gi mykje nytt bustadareal, areal som ikkje ligg på dyrkajord. Vi **fremjer motsegn mot B2.**

*B3 og B4 (Kvalsund):*

Etter det som går fram av kart og ortofoto, ligg både delvis B3 og heile B4 på dyrka jord. Med den byggjereserven som allereie ligg føre på Kvalsund, ser vi ikkje at det er behov for å bruke så gode jordressursar til byggjegrund. **Vi fremjer motsegn mot den delen av B3 og B4 som ligg på dyrka jord.**

*FT1 (Kvalsund):*

Området utgjer eit belte mot sjøen før for eit samanhengande område dyrka mark som er kartlagt som kjerneområde landbruk. Tiltaket vil medføre at dyrkamarka blir innklemt mellom bustadområdet nord for vegen og eit langt belte med hytte-/rorbu-utbygging for utleige sørafor. Dette kan bidra til press på jordbruksarealet samt å forvanske ordinær landbruksdrift, og vi er negative til ein slik arealbruk. **Vi fremjer motsegn mot FT1.**

*FB1 (Kvalsund):*

Arealet er kartlagt som kjerneområde landbruk, og det burde vere unødvendig å bruke slikt areal til fritidsbustader.

*N2 (Kvalsund):*

Etter det vi forstår dreiar aktiviteten her seg om gartneri, hovudsakeleg knytta til ressursar på garden. Dette tilseier i så fall at aktiviteten inngår i omgrepet landbruk pluss og planstatus framleis bør vere LNF.

*SB32 (Langeneset) og SB19 (Leikong):*

Deler av områda er registrert som fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Førsegnene for SB-områda må sikre at ein ikkje byggjer ned dei beste jordressursane på areala.

*B14 (Leine):*

Deler av området har fulldyrka jord, innmarksbeite og skog. Ifølgje ortofoto er det mykje ubygde tomtereserver i allereie utlagt område for bustadbygging i nærområdet. Vi kan ikkje sjå at det er rett å legge til nye, store område med landbruksareal for bustadbygging sjølv om areala ifølgje planomtalen er små og lite produktive.

*B28 (Moltustranda):*

Utbygging her vil medføre nedbygging av noko fulldyrka areal, og etter det som går fram av ortofoto heng B28 saman med jordbruksareal vidare austover. Sett i samanheng med at det frå før er store reserver med ubyggt areal i det som allereie er avsett til bustader på Moltustranda (B27), og at det ikkje er godtgjort at det ikkje finst alternativ til å byggje på dyrkajord, kan vi ikkje sjå at det er behov for å utvide bustadarealet på dyrkajord. **Vi fremjer difor motsegn mot B28.**

*B11 (Remøya):*

Det aller meste av dette arealet er fulldyrka eller overflatedyrka jord. Det er stort fortettingspotensiale i allereie utlagt utbyggingsområde i nærleiken. Jordvern skal ifølgje statlige retningslinjer vere ein viktig premiss i all arealforvaltning. Å nytte slike jordressursar til utbyggingsgrunn når det finst alternative løysingar, er i strid med dette. **Vi fremjer motsegn mot B11.**

*SB26 (Remøya):*

Mesteparten av arealet utgjer fulldyrka eller overflatedyrka jord, samt beitemark. LNF-spreidd bustadbygging inneber låg arealutnytting. I eit område der det er fortettingspotensiale i allereie utlagte utbyggingsområder, bør ein ikkje nytte slike gode jordressursar til spreidd bustadbygging. **Vi fremjer motsegn mot SB26.**

*SB25 (Runde):*

Området utgjer 173 dekar, der store deler av området som ikkje allereie er bebygd, er klassifisert som fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Området ligg innanfor areal som er klassifisert som kjerneområde landbruk. Vi rår til at området blir innskrenka, samstundes som førsegnene til planen må utformast slik at ny busetjing ikkje omdisponerer jordbruksarealet. **Vi fremjer motsegn mot SB25 slik den no er utforma.**

*SB29 (Røyra):*

Deler av området er registrert som overflatedyrka jord og innmarksbeite. Etter det som kjem fram på ortofoto, finst det alternativt byggjeareal i nærleiken. **Vi fremjer motsegn mot SB29.**

*B31 (Sandvika):*

Den delen av B31 som ligg mot Fv.10, utgjer fulldyrka jord og må takast ut av B31. Alternativ byggjegrund finst i nærleiken. **Vi fremjer motsegn mot B31.**

### **Samfunnstryggleik**

Fylkesmannen vil gje skryt til Herøy kommune for risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) i kommuneplanen. Analysen er gjennomført som ein grovanalyse, og inneheld viktige risikofaktorar som må takast omsyn til ved arealplanlegging. Vi meiner ROS-analysen gjev eit godt grunnlag for trygg arealbruk i kommunen, og at framtidig arealplanlegging bør ta denne aktivt i bruk. Vi er vidare positive til kommunen sin bruk av temakart. Temakart er ein flott måte å visualisere funn i ROS-analysen på ein oversiktleg og intuitiv måte.

Det vi saknar er tettare koplingar mellom funn frå ROS-analysen og krav til oppfølging i planen. Vi meiner mellom anna at det bør fastsetjast føresegner som på ein eintydig måte fastset at ROS-analysen sine tilrådingar om lågaste byggjehøgde i strandsona, og tryggleiksavstand frå elektromagnetiske felt skal følgjast.

Som eit tiltak under kapitlet «*Stormflo/Bølgjepåvirkning*» er det tilrådd ulike krav til minste høgde for ny busetnad. Vi meiner kommunen bør vurdere å setje same kote (NGO kote 3) for heile kommunen. Vi vil òg tilrå at krav til byggjehøgde for nybygg blir fastsett som føresegn i kommuneplanen. Slik dette mellom anna er gjort for naust.

Vi vil sterkt tilrå kommunen å utvide fareområdet «*havnivåstiging*» til òg å inkludere stormflo/bølgjepåverknad. Ei slik omsynssone bør vidareførast i kommuneplanen sitt plankart, og inkludere føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Elektromagnetiske felt er ein risikofaktor som blir teken opp i ROS-analysen. Det blir vist til at det eksisterer ein mogleg auka risiko for utvikling av leukemi hos barn som veks opp i bustader med magnetfelt over 0,4 mikrotlesla. Kommunen bør sørgje for tilstrekkeleg tryggleik mot elektromagnetiske felt. Ein naturleg grenseverdi er 0,4 mikrotlesla. Dette er ein grenseverdi Fylkesmannen, i samsvar med Statens Strålevern, tilrår. Ein kan sikre ein trygg grenseverdi ved føresegn i kommuneplanen. Om kommunen finn det føremålstenleg kan ein sikre dette gjennom å teikne omsynssone rundt høgspenlinjer, og knytte føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik til omsynssona. Om det er vanskeleg å teikne inn omsynssoner rundt høgspenlinjer i det ordinære plankartet, kan til dømes temakart nyttast.

Herøy kommune har laga ein flott ROS-analyse. Vi vil derfor oppmode kommunen til i større grad å nytte analysen i arbeidet med kommuneplanen. Analysen vil gjere det lettare å sikre god og trygg arealbruk i kommunen. ROS-analysen vil vidare danne eit god grunnlag for arbeid med ein heilskapleg ROS for Herøy kommune.

### **Universell utforming**

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne av 23.06.2013 nr. 61. stiller krav til universell utforming på ein rekke samfunnsområde

Fylkesmannen saknar at prinsippet om universell utforming ikkje er meir gjennomsyra i arealplanen. For å sikre at det vert teke omsyn til universell utforming ved gjennomføring av planen, anbefalar vi at de nyttar «Universell utforming i kommunal planlegging», utarbeidd av Fylkesmannen i Hedmark og Oppland og fylkeskommunane i Hedmark og Oppland, sjå vedlegg. Her er eksempel på korleis utarbeide krav om universell utforming til kommuneplanens arealdel.



## Føresegnene til kommuneplanen

Føresegnene og retningslinjene er presentert på ein oversiktleg måte. Vi har i det følgjande nokre merknader til endringar som bør gjerast.

### § 2.1 Fellesføresegner

Første punktum: Vi kan ikkje sjå at kommunen har heimel til å fastsette ei slik innskrenking i planføresegnene, jfr. § 11-9, § 11-10. Sjå også § 12-4 femte ledd, der dette er konkret tatt inn fra lovgjevar si side.

### § 2.3 Krav om reguleringsplan

Det må vere samsvar mellom føresegna og kartet knytt til symbol for krav om reguleringsplan.

### § 2.10 Støy

Retningslinjene knytt til støy bør takast inn som føresegner til planen, jfr også tilrådingane i T-1442/12:

*«Det anbefales at kommunen etter § 11-9 stiller krav om reguleringsplan ved all bygging av nye boliger, fritidsboliger, sykehus, pleieinstitusjoner, skoler og barnehager innenfor gul og rød støysone, samt stille krav om ny reguleringsplan dersom eksisterende plan ikke ivaretar støyhensyn i henhold til denne retningslinjen.»*

### § 2.12 Grad av utnytting

Føresegna opnar for at naust kan førast opp med BRA inntil 60 m<sup>2</sup>. Dette er i strid med råda Fylkesmannen legg til grunn for utforming av naust der maksimal nauststorleik i kommuneplan er satt til 40 m<sup>2</sup> (BRA). Råda er fastsett for å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av arealbruken i kystsona med omsyn til ålmenne interesser, jfr det generelle byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Fylkesmannen har på denne bakgrunn **motsegn** til at det i kommuneplanen er ei generell opning for naust på over 40 m<sup>2</sup> (BRA).

### § 4.1 Unntak for byggeforbodet i 100-metersbeltet

Andre ledd første punktum legg store føringar for kva line ein skal legge seg på når det gjeld tiltak i turområde og ved badeplassar innafor 100-metersbeltet. Arealdelen viser ikkje slike område (t.d. som omsynssone), og det må difor konkretiserast nærare kva for areal dette gjeld for. Kommunen må vere merksam på at ei slik generell opning kan vere konfliktfylt i høve andre viktige interesser. Unntaket er elles gitt som retningslinje til planen.

### § 4.3 LNF-område der spreidd utbygging vert tillate

Når det gjeld føresegner for LNF-område der spreidd utbygging vert tillate, er desse for lite spesifikke. Formuleringane må vere klare og eintydige. Bustadtomter skal ikkje plasserast på dyrka jord, og dei skal heller ikkje fragmentere jordbruksareal verken i seg sjølv eller gjennom vegtilknytning. Dersom det ikkje let seg gjere å finne slike tomter innanfor areal sett av til LNF-spreidd, bør ikkje arealet leggest ut som LNF-spreidd.

Vi fremjer difor **motsegn** mot føresegnene for LNF-spreidd slik dei er utforma no.

## **Konklusjon**

Herøy har lagt ned eit godt grunnlagsarbeid for å kunne vedta ein samla kommuneplan som omfattar både samfunnsdelen og arealdelen. Planframlegget bryt likevel med nasjonale og regionale interesser på fleire område. I merknadene over har vi gått igjennom dei endringane vi meiner er naudsynte for å tilpasse planframlegget til dei føringane som er lagt frå Storting og Regjering for kommunal arealplanlegging. Det ligg føre motsegn knytt til følgjande element i planen:

### Utbyggingsmønster

Kommuneplanen til Herøy kommune legg til rette for utbygging innafor mange og store byggeområde, utan å legge ein arealrekneskap til grunn som dokumenterer samsvar med behovet for utbyggingsareal til fritidsbygg og bustadbygging i kommunen. Det er vidare ikkje gjort ei konsekvensutgreiing av dei samla verknadene av planframlegget knytt til ei rekkje tema innan samfunnsutvikling, naturmangfald og landbruk.

### Natur- og miljøverninteresser

- FB1 (fritidsbustader) og AN8 (naust) på Koparstad
- FT1 (fritid og turisme) Koparstad
- FH1 (hytter) og FR1 (rorbuer) Kvalsund
- FB5, FT4 og SB32 Langeneset
- FB9 (fritidsbustad) Leine
- FB22 (fritidshus) på Gjertneset
- B16 (bustad) Nærøya sør
- B16 (bustad) Nærøya nord
- SB26 (spreidd busetnad for bustad, fritid, eller næring)
- S1 (utviding av sentrum)
- B53 (bustad) Bergsøya
- B69 (bustad) ved Toftestøa
- AN2 (naust) Bergsøya
- B49 (bustad) Storeneset
- AN20 (naust) Tjørnvåg
- AN12 (naust) Moltustranda
- FB14 (fritidsbustad) Moltustranda
- N3 og N4 (næring) Myrvågen
- AN-D1 (deponi) Myrvåg
- FB18 (hytter) Grøneneset
- FB19 og FB20 (hytter) Nykreimsholmen
- Nauststorleik over 40 m2 (BRA)

### Landbruksinteresser

- B53 (bustad) Bergsøya
- B21 (bustad) og SB27 (spreidd bustad) Espeset
- SB30 (spreidd busetnad) Kleppane
- B1 (bustad) og FB2 (spreidd bustad) Kvalsund
- B2 (bustad) Kvalsund
- FT1 (fritid og turisme) Kvalsund
- B28 (bustad) Moltustranda
- B11 (bustad) Remøya

- SB25 (spreidd bustad) Runde
- SB29 (spreidd bustad) Røyra
- B31 (bustad) Sandvika
- Føresegnene til LNF-område med spreidd utbygging (§ 4.3)

I tillegg har Fylkesmannen fleire merknader og faglege råd til planen og arealbruken, og vi ber kommunen merke seg desse og om mogeleg endre planen.

Fylkesmannen er gjerne tilgjengeleg for vidare dialog om kommuneplanen.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen  
samordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**

Forureining: senioringeniør Gunnhild Liva Austvoll, tlf. 71 25 85 15

Landbruk: rådgivar Kari Bjørnøy, tlf. 71 25 81 22

Samfunnstryggleik: rådgivar Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Universell utforming: seniorrådgivar Eilin Reinaas, tlf. 71 25 84 18

Vedlegg: Utkast til rettleiar «*Universell utforming i kommunal planlegging*»

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde